



Norges Fiskarlag

Fiskeridirektoratet

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
		Britt Sæle Instebo, 454 76 360	15.09.2025

Regulering av fisket etter øyepål i 2026

Styret i Sør-Norges Fiskarlag behandla ovannemnde i sitt møte 08.-09.09.2025, og fatta følgjande vedtak:

Styret i Sør-Norges Fiskarlag konstaterer at ICES ikkje har gjeve kvoteråd for november 2025 – oktober 2026 i følgje Havforskningsinstituttet si nettside.

Ein viser til at ICES gav råd om null fiske på øyepål i perioden november 2024-oktober 2025 i området sør for 62°N (Nordsjøen, Skagerrak og Kattegat). Styret meiner at til tross for at rådet er null fiske må ein kunne ha uungåeleg bifangst av øyepål i andre fiskeri, slik at desse fiskeria kan gjennomførast på ein hensiktsmessig måte. Fiske etter kolmule er eitt slikt fiskeri.

Styret tilrår at det må vere tillatt å ha inntil 25 % bifangst av øyepål i de enkelte fangster **og ved landing.**

Om det blir sett kvote for perioden 2025-2026 meiner styret i Sør-Norges Fiskarlag at det må vere mogeleg å ha 2% bifangst av sei til oppmaling ved fiske i Nordsjøen etter kolmule og øyepål. Kvantumet må belastast fartøyskvoten.

Frå 01.01.2024 blei det innført forskrift for prøvetaking av industrifangster ved landing (J-122-2023). Ein meiner på generelt grunnlag at ein sjølv må vere ansvarleg for å «husholdere» kvoten sin inkludert til bifangst. I høve miljøaspektet er det på generelt grunnlag ein stor fordel om ein kan fiske fleire artar samtidig.

Vidare står det i § 42 «Bifangst ved fiske med småmasket trål og snurrevad» i høstingsforskrifta:

Det er tillatt å ha inntil 0,5 % bifangst av breiflabb i vekt i de enkelte fangster og ved landing, men maksimalt 1,000 kg breiflabb pr. tur.

Her visar ein til vårt styrevedtak i sak 95/25 *Regulering av fisket etter breiflabb og kveite i 2026*, der styret foreslår følgjande bifangst:

Småmasket trål: 1% bifangst, turkvote økes til 2000 kg.

Høstingsforskrifta § 42, Bifangst ved fiske med småmasket trål og snurrevad lyder:

Ved fiske etter kolmule og øyepål sør for 64°N er det tillatt å ha inntil 20 % bifangst i vekt av andre arter i de enkelte fangster og ved landing.

Styret viser til at bestemmelsen er praktisert slik at «andre arter» omfatter bifangst av konsumartene, og at maksimalt 20% av fangsten kan være konsumfisk for levering til humant konsum.

En ber om at ordlyden presiseres, slik at dette tydeligere kommer frem i forskriften.

Styret meiner at norske fiskarar, på lik linje med i andre soner, må kunne fiske øyepål heile året, og ikkje slik som i dag 01.04–31.10. Det er spesielt viktig i fiskeri der kvoten ikkje er fullt utnytta og der bestanden ikkje er fordelt mellom landa.

Ein ber òg om at ein må få gjensidig soneadgang då det er ein felles bestand i området. Ein vil vise til at selekteringsinnretningane har endra seg etter fastsetjinga av forskrifta.

I tillegg vil ein vise til at pelagisk- og nordsjøtrål har løyve til å fiske øyepål sør for 64°N, jf. konsesjonsforskrifta §§ 2.6 (pelagisk tråltillatelse) og 2.10 (nordsjøtråltillatelse). Norge kan einssidig fastsetje kvote nord for 62°N. Ein ber om at det blir vurdert opna for eit direktefiske etter øyepål i 2025–2026 mellom 62°N og 64°N.

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag

Janita Arhaug
Dagleg leiar

Britt Sæle Instebo

Kopi: Nord Fiskarlag
Fiskebåt

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.